# Soga og 20års melding.

utarbeidd av Olai Småland

Før idrottslaget „Skarphedin" var skipa, var det drive mykje idrottstrening kringum i bygdi. I 1908 dreiv Johs. O. Borge trening med skulegutar i gymnastikk og idrott. Treningsplassen var for det meste i Sandviki på Borge. Det var og mykje på tale å skipa eit turn- og idrottslag i Hauviki.

I tri år 1909–1911 var det kvar 17de mai stafettlaup millom ungd.laget „Fram" Hauge, og Solbjørg ungd.lag. Der var med 10 mann frå kvart lag, Der var ogso tevling for einskildmannen i laup og hopp. Desse stafettlaupi og tevlingane skapte mykje idrottsinteressa. I Lonevåg var der eit treningslag som dreiv trening i friidrott i ein veg i Lonenesset. Ein del av dei som var med i Lonenesset flytte til Fitje med treningi og dei skipa der idrottslaget „Hugin".

Idrottslaget „Skarphedin" vart skipa i 1918. Det var på eit ungdomsl. møte i „Solbjørg ungd.lag at Karl Presttun innleidde til ordskifte var emnet: „Korleis ein på best måte skal utnytta fritidi si" Han kom millom anna inn på friidrottssaki, og då der var interessa for å skipa eit idrottslag, vart det vald ei nemnd som skulde fyrebu skipingi. Med i nemndi var: Karl Presttun, Konrad Solberg, Anton Låstad og J. O. Borge. Fjortan dagar seinare vart turn- og idrottslaget „Skarhedin" skipa i „Gjøshall" Nemndi hadde arbeidd ut framlegg til lover, som vart vedtekne med små brigde.
Lovane som vart vedtekne lydde so:

§ 1.

Namnet åt laget er „Skarphedin"

§. 2.

Laget sitt fyremål er å arbeida for sund og helsesam idrott sumar og vinter, og å fremja kameratsleg samvar.

§. 3.

Lagslem kan kvar heiderleg ungdom vera som hev fyllt 16 år. Kvar lagslem pliktar å fylgja laget sine lovar

§. 4.

Styret er samansett av formann, varaformann, og kassastyrar, tvo styreslemer og tvo varamenn. Formann, varaformann og kassastyrar vert valde kvar for seg.
Styret har rett til å melda ut dei som det finn er laget til skam eller skade.
Kvart lagslem pliktar å lyda instruktøren under øvingane.

§. 5.

Nytt styre vert vald på årsmøte som vert halde i januar.
Styret må kunngjera årsmøtet 14 dagar fyreåt.
Kassastyraren framlegg rekneskap som må vera godkjend av styret.
Styret gjev årsmelding.

§. 6.

Rusdrykk må ikkje njotast under øvingane eller på stemnor, - heller ikkje i noko anna høve må lagslemene syna seg berusa

§. 7.

Laget må innmeldast i „Centralforeningen for idræt" med årspengar minst kr. 5.-

§. 8.

Skal lovane brigdast må minst 2/3 av lagslemane vera for det.

---

Til formann i laget vart vald Johs. O. Borge.

nestformann Kåre Presttun; kasserar Johs Solberg.
Med i styret vart: Olai Autun og Rasmus Løne,
Varamenn Ivar S. Løne og Sjur Hartveit.
Det vart vedteke at laget skulde melda seg inn i
„Centralforeiningen for utbredelse av idræt" Motet slutta
med gleda yver at eit godt upptak for idrottssaki
var gjort. Det vart teikna 27 lagsmenner med det same.
Det vart drive øvingar i „Fjoshall" på Solbjørg framyver
våren. Øvingane tok til med gymnastikk styrd
av Olai Autun. So vart det gjenge yver til hopp og
laup, og gymnastikk til slutt. Men det synte
seg snart at skulde laget hava framgang, måtte
det ha seg ein idrottsplass. Det vart tala um mange
plassar, men dei fann ut at Brubakkane på
Revheim måtte vera lenlegaste, då det låg mest
sentralt til so laget kunde ha von um å få
lagsmenner frå andre krinsar og kunde samla meir
enn um plassen vart lagt i ein utkant. Det
var og råd å ha laugarstad attmed plassen.

Den 21 april 1918 tok J. O. Borge, Kåre
Presttun og Olai Autun til å tinga med Johs. S.
Revheim d.e. um plass. Etter mykje prat vart dei
so einige um å leiga plass på sovorne vilkår:
„Turn- og idrottslaget „Skarphedin" leigar av Johs.
S. Revheim d. e. eit markastykke ved Skjeråi 135 m
langt og 75 m breidt, på sovorne vilkår:

1. Laget skal ha rett til å bruka planen i 22 år,
uppseiingstidi er tvo år.
2. Laget skal ha rett til å laga til på planen
som det finn for godt. Elvi som no renn
gjenom planen skal laget ha rett til å leida
på vinstre sida, som det måtte finna høve-
legaste. Vidare skal laget hava rett til å
ta planeringsmaterial og stein, det det måtte
ha bruk for, or Torvelidi og dalen.
3. Laget skal hava laugarrett i vatnet.

4. Betalingi er kr. 30 - tredive kronor - dei
tvo fyrste åri, sidan kr. 50.- femti kronor -
kvart år

5. Johs. Revheim skal ha rett til å køyra langs
med austre sida av plassen, til den luten
som ligg nordanfor.

6. Når dei 22 åri er umme skal laget ha
fyrste retten til å kjøpa eller leiga på nytt."

Det vart av og til arbeidd på plassen
um kveldane, men det munna kje mykje.
Laget fekk skriv frå den nye idrottsorganisasjonen
um å senda ein utsending til idrottstinget.
J. O. Borge vart vald - og reiste. Han var styres-
medlem i „Hordaland distriktslag for idrett" og
i „Hordaland friidrettskreds" i mange år.
Johan Lone var og styresmedlem i Hordaland
friidrettskreds ei tid.
At laget hadde medlemer i styret i desse kreds-
lagi hadde mykje å segja, - serleg i distriktslaget
når laget søkte um bidrag til plassen.
I 1921 kom det meir plan i arbeidet med plassen.
Frank Olsen karta plassen og kalkulerte arbeidet
til 15.000,- kr. Det vart søkt til staten um bidrag
til idrottsplassen og laget fekk løyve på kr. 1.000.-
mot at laget lagde ut i arbeid på plassen
kr. 2000.- fyrst. Ei lista hadde gjenge rundt
i bygdi og på den kom det inn 550.- kr. og 100
dagsverk. Resten kr. ~~[illegible]~~.- vart lånt i Haus
Sparebank. Det vart no sett meir arbeid igang
og laget fekk dei 1000.- kr. av staten.
Men laget kom meir og meir til det at det
måtte kjøpa plassen. Etter mykje arbeid
og prat helst av formannen, vart plassen
kjøpt og kontrakti underskrivi den 8. april 1922.
Kontrakti lydde slik:
„Eg Johs. S. Revheim sel ein parcell av min

eigedom ved Skjerài, til Turn- og idrottslaget „Skarphedin".
Lengdi er 135 m. Breiddi er frå Johannes Revheim sin
eigedom og til vatnet på slike vilkår: Den avtalde
kjøpesumma er kr. 2000.- som vert å betala med eit
årleg avdrag av kr. 150.- i tvo terminar, nyttår og
jonsok. Laget skal ha rett til å laga til plassen
som det finn for godt. Elvi som no renn gjenom
plassen skal laget ha rett til å leida på vinstre
sida der det er høvelegaste. Laget hev rett til å
taka stein og planeringsmateriell or Torvelidi og
dalen. Johs. S. Revheim har rett til å køyra til den
luten som ligg ~~(nedanfor)~~ nordanfor. I tilfelle idretts-
plassen i 5 år samanheng ikkje vert brúka, skal plassen falla
attende til seljaren útan vederlag. Idrottslaget har
ikkje lov å selja plassen."
I 1929 fekk laget atter 1000.- kr. av staten til úpp-
arbeid av plassen. Dette var siste ytingi ein fekk
av staten.
Det var enno mykje att å gjera fyrr plassen var sopass
at han kunde brúkast til konkúranse. Laget mangla
pengar,- og det vart bøtt på mange måtar. Nokre
lagsstemner lånte pengar. I 1924 vart det sett igang
ei større útlúting og laget tente ein liten del på den.
Men det vart enno for lite pengar, og for å få plassen
ferdig og betalt av på private lån, vart det lånt
1500.- kr. i Haus Sparebank, - og no vart plassen
gjort ferdig so det var råd å halda tevling på han.
Den 4. sept. 1937 hadde laget si fyrste opne stemna
på plassen.- Juniorkrinsmeisterskapet for Hordaland.
I alt var der med ca 80 mann. Laupebana på
plassen var i dei fyrste åri svært laus, - og er enno
ikkje heilt god.
Idrottsplassen til „Skarphedin" har kosta umlag
13.000.- kr. - so der hev vore lagt ned mange dagsverk.
Dei som har ordna med arbeidet og arbeidd mest
på plassen er: Vilhelm Presttun og Ivar A. Hone.

Men laget har ikkje berre arbeidd på plassen sin og for idrotten. På årsmøte i laget i 1925 kom form. J. O. Borge med framlegg um at laget skulde gå saman med ungdomslaget „Fram“ på Hauge og få planta skog på eit stykke hjå Anders K. Revheim i Sjoalidi. Ei nemnd på 3 mann vart valde: J. O. Borge, Olav Småland og Johs. Tveiterås. Desse fekk saman med ungd.laget „Fram“ arbeidet igang, og eit felt på ca 50 mål er planta, og plantane tek no til å visa godt. N.B!
For arbeidet skal desse tvo lagi hava 1/4 av skogen.
Skarphedinsgutane hev bala på og trena i ymse slag idrott. Det har vore drive friidrott, fotball, ski, - og eit år skiserenn på Borgevatnet.
Men det hev mest vore drive friidrott, og mange hev kome langt fram på tevlingane. I den fyrste tidi vart det halde til med trening og konkurransar i vegen attmed idrottsplassen, men etter kvart som plassen vart ferdig vart det flytta inn der.
Laget har kvart år havt ei eller fleire lagstevlingar både for eldre og yngre lagsfolk, og i dei siste åri ogso for skulegutar.

Der hev vore gjevne mange pokalar til laget til tevlingane i friidrott. Pokalane har vore for fleire øvingar samanlagt og må ha vorte vunne 3 gonger av same mannen for å vera vunnen til odel og eiga. Desse hev vunne slike pokalar: Olav Småland, Vilhelm Presttun, Nils Småland, Leif Solberg, Eivind Solberg, Olav Reigstad og Ole Mjelde. junior

Sidan 1930 hev laget skipa til Osterøymeisterskap for idrottslagi på Osterøyi. Der har vore tevla i 6 - 7 øvingar med premie i kvar øving, men det har helst vore få med frå dei andre lagi.
Av større stemnor har laget skipa til 2 krinsmeisterskap for junior - einskilde øvingar —

2 krinsmeisterskap i terreng, og 5 Vestlandske junior-stemnor.

I 1920 reiste 5 skarphedingutar til Voss og skulde vera med på krinsmeisterskapet i 5-kamp. Men dei kom ikkje i plasering. Dei gav likevel ikkje upp for det. Dei drog snart ut att på andre krinsmeisterskap, og det gjekk betre og betre for kvar gong, og det varde ikkje mange år fyrr karane vart plaserte både i krinsmeisterskap og andre større tevlingar.

N.B! (Laget har 14 junior krinsmeisterskap og 9 senior) meisterskap. På Os i 1922 vann Leonard Solberg krinsmeisterskapet for junior i spjot og kristeg, og Nils Svåland vann høgdesprang.

På Voss i 1923 vart Olai Svåland krinsmeister i terrenglaup for senior, og på Ekstlun same året Nils Svåland krinsmeister i senior i 2 øvingar: Stav 3 m. og høgde 1.56 m. På Os same året vann Olai Svåland krinsmeisterskapet for junior på 1500 m. med tid 4.44. N.B! Han var nr. 3 med 4.42.

På Revheim 1924 vart Olai Svåland krinsmeister i terrenglaup for senior, og på Eilven same året vart han krinsmeister i senior på 10.000 m med tid 38.27.

På Voss i 1924 vart Nils Svåland krinsmeister i stav 3 m.

På Arna 1926 vart Olai Svåland krinsmeister i terrenglaup senior. N.B! I 1927 var han og krinsmeister.

I 1928 vart Elling Vevle kr.meister i terreng junior på Laksevåg.

I 1930 på Revheim vann Lars Teigstad krinsmeisterskapet i 400 m. ~~tid~~ junior tid 59.6.

På Brann stadion i 1932 vann Aasmund Hagebø krinsmeisterskapet for junior i 5000 m. med tid 17.17.6

På Brann stadion i 1935 vart Nils Valestran krinsmeister i junior 5000. m med tid 16.36.3

Same året vart Karl Valestrand kr.meistar i junior på 3000 m med tid 9.36.8 og 1500 m tid 4.25.7.
På Voss i 1936 vart Ole Mjelde krins meister i 5 kamp med 2527,30 p. og på skistemne vart Ole Mjelde krinsm. i junior i lengdesprang med 6.26 m.
På Voss i 1936 var Nils Valestrand krinsm. i 5000 m med tid 16,26,9 og i 10.000 m. kappgang på Bua vart Johs. Tvedt krinsm. tid 49,46.
I Sauda 1936 vart Elling Vevle krinsm. i terreng senior og Andr. Reigstad i junior.

Skarphedingutane hev teke ei mengd med premiar både i senior og junior. Umlag 25 har teke idrottsmerket i bronse, 7 i sylv og 5 i gull.
Desse har teke distansemerket:

Lars Rigstad i 1500 m 4.30.5 (1930) og 400 m. 55 (1933) 800 m. 2.08.4 (1938)
Olav Kleiveland i spjot 46.89 (1932)
Olai Småland 30 km. marsj. 3.14.14 (1933)
Anfinn Tvedt 30 " " 2.56.32 (1935)
Johs. Tvedt 30 " " 2.57.12 (1935)
Sverre Hansberg 30 " " 3.02.45 (1936) 15 km. 1.22.24 (1938) 10 km. 53.49 (1939)
Elling Vevle 1500 m. 4,29.2 (1938) og 10.000 m. 35.04 (1931)
Torstein Dale spjot. 47,44 (1938)
Karl Valestrand 1500 m 4.25.2 (1934) og 3000 m. 9.36.8 (1935) og 5000 m 16.39.4 (1935)
Åsmund Hagelid 5000 m. 16.35.5 (1936)
Nils Valestrand 1500 m 4.22.9 (1939) - 3000 m. 9.29 (1938) og 5000 m. 16.26.9 (1936)
Ole Mjelde 100 m. 11,6 (1936) Disk. 26,80 (1938)
Norvald Revheim kula 11,88 (1936)
Sigmund Revheim kula 12.64 (1937)

Laget har hatt 5 pokalkampar med andre lag. Den fyrste var med „Hugin" - Fitje og „Snøgg" Hjelmkvåg i 1919 men den gjekk i stå då „Hugin" møtte berre eit år og „Snøgg" slett ikkje.
I 1923-24-25 var det pokalkamp med „Tyk"-Årna i 10 kamp samanlagt - 10 mann frå kvart lag. „Skarphedin" vann alle åri.

I 1928-29-30-31 var det pokalkamp med „Frí" Espeland. „Skarphedin" vann alle åri.

I 1932-33 og 34 var det pokalkamp millom 2 lag på Osterøyi – „Skarphedin" og „Skotodder" mot 2 lag på Holsenøy. Osterøy vann alle åri endå „Skotodder" mest ikkje var med so Skarphedin måtte ta heile støyten åleine.

I 1933-34-35-36 hadde „Skarphedin" pokalkamp med Dale Idrottslag. „Skarphedin" vann eit år, men tapte 3 år so Dale for med pokalen. Det var dei fleste åri nokso jamne kamp.

I 1934-36-37 hadde laget pokalkamp i friidrott og fotball med Varde – Firma Sundt Bergen. Varde vann eit år og „Skarphedin" 2 år so „Skarphedin" fekk pokalen.

Best av alt har laget gjort det i stafettlaupi. Laget har vore med dei beste på Vestlandet i junior. Til Aarstadstafetten i 1932 stilte laget blanda lag av senior og junior og vart nr. 3. I 1933 vart stilt berre junior og laget vart då nr. 2. I 1934 ogso junior og vart nr. 3. I 1935 med juniorlag ~~vart~~ ~~nr~~ 2 stk. Dette året sette „Skarphedin" inn alt for å vinna yver Viking som hadde vunne kvart år, og denne gongen vart det eit hardt tak millom desse tvo lagi. Dei byttest um å leida laupet og ei tid hadde „Skarphedin" eit forsprang på 50 m. men Viking kom godt att til slutt og vann med 1 sek. betre tid.

I 1936 vart det stilt både juniorlag og fotballag. Dei vann kvar sin 2. plass.

I 1937 vart det stilt blanda lag av senior og junior. og laget vart nr. 3.

På Tiveungstafetten på Laksevåg i 1935 hadde laget både junior- og fotballag, og båe lagi vann sine klassar. I 1936 hadde laget senior, junior og fotball-lag med på stafetten. Fotballaget vann 1. plass i sin klasse. Senior og junior fekk kvar sin 2. plass.

I 1937 vart stilt med berre juniorlag og denne gongen

vart laget nr. 3. Helles har laget vunne 3 heimans-pokalar i terrenglaup. Tvo på Espeland og ein i Bergen. Helles har laget hevda seg svært godt i terrenglaup.

Laget har 6 autoriserte kriesdomarar. I marsjkonkurransane har laget hevda seg svært godt. Beste idrottsprestasjonen er sikkert Johs Tvedt sin 30 km. ~~kappgang~~ (marsjkonkurranse) som han vann i Stavanger i 1935 med tidi 2.51.12. Dette var under tidi til distansemerket i gull, men forbundet slo segvrang og vilde ikkje ut med merket. Dei skulda på at der var 'kje nok autoriserte domarar. Johs. Tvedt vann eit år Viking sin marsjkonkurranse i Bergen. Sverre Hausberg har vunne ein gong i klasse B. Helles har mange andre leke premi på Viking sine marsjkonkurransar i fleire år.

Det kunde og ha sin interessa å nemna dei klubbrekordar som no gjeld i laget:

| | | | |
|---|---|---|---|
| 60 m. | Ole Mjelde 7.3 sek. | 1935 | |
| 100 m. | Ole Mjelde 11.6 -"- | 1936 | |
| 200 m. | Ole Mjelde 24.5 -"- | 1935. | |
| 400 m. | Lars Reigstad 55. -"- | 1933. | |
| 800 m. | Lars Reigstad 2,10,2 | 1930 | 2.08.4 (1938) |
| 1500 m. | Karl Valestrand 4,25,2 | 1936 | N. Valestrand 4.22.9 (1939) |
| 3000 m. | Karl Valestrand 9.36.8 | 1935 | N. Valestrand 9.29 (1938) |
| 5000 m | Nils Valestrand 16.26.8 | 1936 | |
| 10.000 m | Elling Vpvle 35.04 | 1931 | |
| ~~110 m~~ hekk | (~~Einund Dolberg~~ (Olai Måland) 16,9 (21,1) | 1924) | |
| 400 m hekk | Lars Reigstad 66,8 | 1934 | |
| Kula | Sigmund Revheim 12,64 m. | 1937 | |
| Diskos | Sigmund Revheim 34.92 m. | 1937 | O. Mjelde 36,80 m (1938) |
| Spjot | Birger Halland 50,52 m. | (1937) | |
| Høgde | Nils Sundland 1.69 m. | 1924 | |
| Lengde | Ole Mjelde 6.29 m. | 1935 | |
| Stav | Nils Sundland 3.10 m. | 1924 | 1938 |
| 5 kamp. | Ole Mjelde ~~2718,185~~ (2705,16) p. | 1935 | |

Lengde utan tilløp: Jarle Rundhovde 2,94
Høgde — — Norval Reoheim 1,36

10 kamp: Nils Småland 4513. 180 p. 1924.
60 m. kvinner Gullbjørg Hammer 8.3 sek. 1935.

I 1924 tok laget upp skisporten, og same året vart fyrste langrennet og hopprennet halde i mars månad. Der var umlag 15 mann med, og interessa var stor for denne friske sporten. Ein stor og tvo mindre pokalar var gjevne til laget som vandrepokalar. Den største til 30 km. langrenn. Dei andre tvo var til hopp- og kombinert renn og måtte vinnast 3 gonger før dei vart vunne til odel og eiga. Kvar vinter - i mang år var det no tevling um desse pokalane, og det var hard tevling - serleg um langrennspokalen. Mange frå Austbygdi var med i fleire år, men dei gjekk seinare ut or laget og skipa idrottslaget „Storkodder". Det var mange som fekk aksi i desse pokalane. Langrenns-pokalen vart vunnen 3. gong av Olai Småland i 1928. I 1939 vart det sett upp ein ny pokal til langrenn, men løypa var no gjort mykje kortare, - umlag 15 km. Denne pokalen har ogso fenge mange aksihavarar og er enno ikkje vunnen. Hopppokalen vart vunnen i 1935 av Birger Halland. Den kombinerte pokalen vart i 1935 vunnen av Andr. Reigstad. Elles har det vore premiering i langrenn i 3 klassar.

I 1931 - 32 - 33 - 34 hadde laget pokalkamp på ski mot „Storkodder" og Skafta idrottslag både i langrenn og hopp. 5 mann frå kvart lag talde med. „Skarphedin" vann i 1934 langrennspokalen til odel og eiga. Laget tapte ein gong og vann 3 gonger. Hopp-pokalen tapte laget alle åri. I dei seinare åri har laget prøvd seg på ski utanfor Osterøyi. I 1936 var 2 mann med på eit ope renn i Fana. Olai Småland vart nr. 1 i Kl. B og Pedr Reigstad nr. 2 i same klassa. Same året var Olai Småland nr. 3 i Kl. B på Vikingrennet og Pedr Reigstad nr. 3. På Gulfjellrennet vart Olai Småland nr. 2 i klassa yver 35 år og Jan Vevle vann ein turklasse. Same året vart det sett 2 lag i Kl. B

på [illegible] skistafett på Tolland: Eine laget fekk 1. ste. og andre laget andre premie.

Laget har kome seg godt fram på ski, og har mange gode skiløyparar.

På årsmøtet i laget i 1922 vart det vedteke at laget skulde skipa eit fotballag. Det skulde stå under idrottslaget sine lovar og ha same styret som dette. Laget dreiv på med trening, – og i 1923 spela det 7 kampar med andre lag. Laget tapte 2 – vann 4 og spela 1 uavgjort. Laget hadde skote 29 mål og fingje 16.

I 1924 melde laget seg inn i fotballkrinsen. No vart spelaranne endå ivrigare og spelte denne sumaren mot betre lag. Det vart spela 5 kampar mot andre lag. „Skarphedin" tapte 2, – vann 2 – og spela ein uavgjort. Skaut 13 mål og fekk 14.

I 1925 gjekk det dårlegare med laget att. Det vart spela 3 kampar mot andre lag. „Skarphedin" tapte tvo og spela ein uavgjort. Laget skaut 2 mål og fekk 7.

I 1926 spela laget seg upp. Det vart spela sju kampar. „Skarphedin" vann 4 og tapte 3. Skaut 26 mål og fekk 17. Dette året var „Skarphedin" på topp og gjekk upp i klasse A. i 1927.

I 1927 gjekk det nedyver att. Det vart spela 8 kampar. Laget tapte 7 – og vann ein! Skaut 11 mål og fekk 41. Dette året datt laget ned att i kl. B.

I 1928 gjekk det endå meir nedyver med laget. Der vart spela tri kampar, – og alle tri var klaukt tap. Laget skaut 3 mål og fekk 17.

Dei som var med og spelte aktiv fotball frå laget tok til og lie no var desse:

Ivar A. Lone
Anders Lone
Jakob Lone

John K. Løne
Rasmus J. Løne
Olav K. Løne
Aasmund A. Løne
Leif Solberg Mølkvile
Johs. Solberg Mølkvile
Mons Njåstad
Sigmund Kolvangsnes
Leif Solberg
Olav Bendiksen

Frå 1928 og mest lie 1934 tok fotballaget pause; men tok atter lie å røra på seg i 1934. Det året vart det spela 5 kampar. Laget tapte 2, vann 2 og spela ein uavgjort. Skaut 6 mål – fekk 9.

I 1936 kom laget inn att i fotballkrinsen. Det spelte dette året 18 kampar Skaut 35 mål – fekk 7.

I 1937 vart det spela 13 kampar. Tapt 4 – vunne 7 – og spelt 2 uavgjort. Skaut 40 mål – fekk 27. Fotballaget har i dei 2 siste åri spelt seg godt fram att, og er no med det beste det hev vore. Desse har vore aktive med dei siste åri: Jakob A. Løne, Johan Skistad, Sigmund Revheim, Einar Solberg, Olav J. Løne, Sjur S. Løne, Einar Løne, Olav Presthus, Norvald Revheim, Sjur Tungeland, Olav Skistad, Kristian Halland, Hjalmar Haugi, Johs. Presthus, Lars Solberg, Jakob Jakobsen.

„Skarphedin" har havt ein sovt spreidd lags-flokk. På Dalestrand har laget havt mange gode lagsfolk, og likeins frå Mjeldalen, elles har dei vore frå Solberg, Larsevaag, Hauviki – ja heilt frå Bergen. Medlemstalet har halde seg kring 45, – men no er det kring 60. Sidan 1923 har laget havt 1 æresmedlem nemleg Olai Autun. Han gjorde mykje for laget dei fyrste åri, med å styra gymnastikken, og elles var han den mannen laget laut ty til når dei vanta festtalar på festane. I den fyrste tidi hadde laget

ein og tvo festar for året, men i den seinare tid har laget havt 4 festar for året.

Laget har no 18 pokalar med smått og stort, ei medalje- og nokre diplomar. Elles har lagslemene vunne pokalar, - premiar, - medaljor og merke - samanlagt umlag 750 stk. Det kunde vorte ein heil gullsmedbutikk!

Desse har i dei 20 åri laget har stade, - vore med i styret:

J. O. Borge 13 år - av desse 10 år formm. 3 år i styret
Karl Prestumn næstformm. 4 år
Johs. Solberg kasserar 1 år
Olai Austum styresm. 1 år
Rasmus Lone — " — 1 år
Josef Solberg kasserar 3 år
Vilhelm Prestum 7 år - 5 år kass. 2 år i styret
Olai Småland 16 år - 10 år formm. 5 år nestf. 1 år styret
Olav Småland 1 år i styret
Eivind Solberg 3 år i styret
Ivar Lone 8 år - 5 år kass. 3 år i styret.
John Lone 4 år i styret.
Magnus Solberg 4 år i — " —
Leif Solberg 1 år — " —
Olav R. Lone 3 år varaformann.
Erik Halland 1 år — " —
Johs. Veseth 6 år - 1 år varaformm. 5 år kasserar.
Johs. Vedå 4 år - 3 år varaformm. 1 år i styret
Olav Reigstad 1 år varaformm.
Lars Reigstad 1 år ~~i styret~~
Rasmus Solberg 1 år i styret
Elling Vevle 2 år i — " —
Birger Halland 1 år i — " —
Olav J. Lone 2 år varaformm.
Andreas Reigstad 1 år i styret
Nils Valestrand 1 år — " —
Johs. Tvedt 2 år — " —

Sverre Hausberg 1 år i styret
Aasm. Hagebø 1 år kassrar.

Tenkjer ein yver alle dei premiar som hev vore vunne i laget, so skynar ein at der har vore lagt ~~laa~~ ned mykje arbeid og tid til trening i alle desse 20 åri; men dei fleste lagsfolk veit att dei har fenge mykje att, — ikkje i form av premiar og æra, men i form av ein annan rikdom som er mykje meir verd. Og det er å vona at laget må gå fram som det har gjort til dessar, og samla ungdomen på Osterøyi til ein sund og helsesam idrott, slik at det kan verta: „Ei sund sjel i ein frisk kropp".

Olai Smiland

Rudolf Hammer